

# "Yrkesval 2.0"

## PROSJEKTSØKNAD OG BESKRIVELSE

**Søklar:** OKSU, Opplæringskontora sitt samarbeidsutval i Sogn og Fjordane

### Søkjars verksemd:

Alle opplæringskontor i fylket har som mål å gje ungdommen ein så god veg mot fagbrev som mogleg. Eit nesten like viktig mål er å syte for at fylket har den arbeidskrafta det treng.

Mange opplæringskontor har bransjeorganisasjonar i ryggen som er svært opptekne av å ha dyktige fagfolk tilgjengeleg for å være med å skape vekst i fylket. Utan fagfolk vil eit fylke som S&Fj stoppe opp, utan nok og dyktige fagarbeidarar.

OKSU medlemmene ser trenden der søking til yrkesfag går ned, medan søknaden til studiespesialisering går opp. Dette er ein trend som er gjengs for heile landet, medan vi i S&Fj historisk sett har hatt ein større del av søklarar til yrkesfag enn landsgjennomsnittet.

Ut frå denne trenden vil OKSU setje i gang eit prosjekt som stopper denne trenden og som er med å bygge opp omdømet for yrkesfag.

Heile landet er i ferd med å få bachelor og mastersjuka, og eit fylke som Sogn og Fjordane er spesielt utsatt dersom denne "sjukdomen" spreier seg. Fylket har forholdsvis mykje industri og teknisk produksjon og eit behov for eit høgt tal fagarbeidarar kvart år. Dette fell også saman med fylkesordføraren og NHO direktøren sitt syn på fagarbeiderbehov.

OKSU som søklar blir drive etter vedtekne vedtekter (Sjå vedlegg 1)  
Leiarverv går på omgang i opplæringskontora, opplæringskontora betaler ei årleg medlemsavgift. OKSU står sterkt og er et vel fungerande fora for samarbeid, kompetanseheving og erfaringsutveksling kontora i mellom.

Opplæringskontora har moglegheit til å være på svært mange arenaer, og vil kunne gjennom et slikt prosjekt være pådrivarar for å treffe målgruppene og dei rundt målgruppene og møte disse med kompetanse om utdanningsval.

### Kontaktperson:

For denne søknaden er leiar i OKSU Jan Erik Øygard tlf 95 46 72 02, [jan.erik.oygard@mef.no](mailto:jan.erik.oygard@mef.no) og daglig leiar i Opplæringskontoret for elektrofag (OFEL), Elin Viken tlf 98 04 35 04 [elin.viken@nelfo.no](mailto:elin.viken@nelfo.no) kontaktpersoner.

### Opplysning om prosjektdeltakarane:

Prosjektet er forankra hjå opplæringskontor i fylket - medlemmer av OKSU. Her 80-90% av alle lærlingar deltar. Kontora er :

[Opplæringskontor for Elektrofag \(OFEL\)](#)

[Opplæringskontoret for Bygg- og Anleggsteknikk \(BYGGOPP\)](#)

[Opplæringskontoret for anleggs- og bergfagene \(OKAB\)](#)

[Bilbransjens Opplæringskontor AS \(BOK\)](#)

[Opplæringskontoret for offentleg sektor \(OKOS\)](#)

[Opplæringskontoret for transport- og Logistikk \(OTL\)](#)

[Opplæringskontoret for fiskeri- og havbruksfaget \(OKFH\)](#)

[Opplæringskontoret for prosess og mekanisk industri \(PRO\)](#)

[Sogn opplæringskontor \(SognOK\)](#)

Prosjektnamn: "Yrkesval 2.0"

"Skape det mest spennande lærlingfylket" (ledestjerne)

Oppstart: Januar 2015

Avslutning: Januar 2017

Innhald:

1. Bakgrunn og mål for prosjektet
2. Prosjektbeskrivelse
3. Prosjektets nytte- og nyheitsverdi
4. Prosjektorganisering
5. Prosjektets lokalisering
6. Framdriftsplan
7. Budsjett og finansiering

## 1. Bakgrunn og mål for prosjektet

- 1.1 Bakgrunn
- 1.2 Målgrupper og interessentmatrise
- 1.3 Formål - "trua"
- 1.4 Målsetting

### 1.1 - Bakgrunn og målsetting for hovudprosjektet:

#### Bakgrunn:

Yrkesfaglege studieretningar slit med rekruttering. Ungdom vel bort yrkesfaglege retningar til fordel for studiespesialisering då dette er forbunde med høgare status og som eit meir fleksibelt val i høve til framtidige studiar. Såleis går vi glipp av gode praktiskarar som kunne gjort det svært godt ved å velje ei yrkesfagleg retning. I yttarste konsekvens kan fylket bli utarma i høve til norske og dyktige fagarbeidarar.

Fleire bedrifter har allereie tona ned sin utviklingsprosess fordi dei manglar dyktige fagarbeidarar. Normatic som driv med driftsautomatisering i Nordfjordeid, er et døme på ein slik bedrift som stoggar si utvikling pga mangel på fagarbeidarar. I fleire bransjar kan vi allereie i dag finne fleire eksemplar på dette, og vi ser at søkinga til yrkesfag går ned og dette vil forsterkas i de nærmaste årene.



I forprosjektet har opplæringskontora samla seg for å kartlegge blant anna problemstillingar, styrker/mulegheiter og målgrupper som skal jobbast vidare med i hovudprosjektet. I forprosjektet ser vi at problemstillingane strekk seg frå før eleven tar valet v/ ungdomskule fram t.o.m. opplevinga som lærling i bedrift. Langs denne verdikjeda skal vi jobbe med tiltak som forbetrar situasjonen slik den er i dag.

### 1.2 Hovudmålgrupper for prosjektet:

Vi ser forbettringsområder hjå spesielt 2 hovudmålgrupper:

1. **Ungdomsskule-elever før skuleval**
2. **Bedrifter som er og bør være i kontakt med elever og lærlingar**

Rundt desse er det andre interessentar som påverkar både elev og bedrift. Mellom desse står opplæringskontora og det er her vi kan vere med å løyse dei negative trendane til positiv utvikling. **Opplæringskontora kan treffe alle i målgruppene!**

**Målgruppe 1, elever før studieval og målgrupper rundt.****Målgruppe 2, lærebedrifter og prosesser og val i læreperioden**

## Interessentmatrise for de største utfordringane, kven må vi jobbe inn mot

Utfordring	Rådgjevar u-skole	Føresette	Elev/lærlingar	Kompisar	Lære bedrift	Råd gjevar vgs	Lærarar	Opplærings kontor	Opplærings avd S&Fj
Yrkesfag blir av og til oppfatta som lågtlønna yrker (men her er spekteret stort)	X	X	X	X		X	X	X	X
Bygge yrkesfag til å bli vurdert på lik linje med studiespesialiserande	X	X	X	X	X	X	X	X	X
Uforutsigbare lærebedrifter		X			X			X	X
Kultur på arbeidsplass					X			X	
Fullføringsgraden	X	X	X		X			X	X
Utdannar mange som reiser ut av fylket					X			X	X
Informasjon og kommunikasjon, vere tydeleg, stå fram som relevant, få fram det unike, og gjere seg attraktive	X	X			X	X	X	X	X

### 1.3 Formål:

"Få tilbake **trua** på yrkesfag."

Det vi legg i trua er summen av oppfatningar og erfaringar målgruppene har gjort seg med yrkesfag. Vi går ut i frå ein slik modell når vi går djupare i formålet med prosjektet:

<b>T</b> YDELEGHEIT: Står ein fram tydeleg, slik at målgruppa forstår kven ein er og kva ein tilbyr?
<b>R</b> ELEVANS: Opplever målgruppa at ein tilbyr noko som er relevant?
<b>U</b> NIKSKAP: Opplever målgruppa at ein tilbyr noko som andre ikkje har eller kan?
<b>A</b> TRAKTIVT: Opplever målgruppa at ein tilbyr noko ein kunne tenkje seg å bli assosiert med?

#### 1.3.1 Målgruppe elevar:

Vi ønskjer ovanfor **elevar** å fokusere på at yrkesfag skal bli meir:

##### **T**YDELEG

- ift. språk - kommunisere på eleven sine premisser, nivå

##### **R**ELEVANT

- ift. moglegheiter innan studieløp, vise at her kan ein kome raskt til leiarjobbar, mister ikkje elevrettar (f.eks. lånekassen), kan ta påbygg ved sida av lærling, interessante oppgåver og sjølvrealisering, samfunnsbygging = yrkesfag

##### **U**NIKT

- ift. lønn under utdanning, får eit yrke - fullført utdanning og rett i jobb, ift. behov for fagfolk er stort - stor sjanse for å få jobb, direktekontakt med næringslivet - nettverksbygging, praksis på cv, utplassert allereie på vg2 og vg1, omsette teori rett i praksis

##### **A**TRAKTIVT

- ift. spekteret av val (mykje større), lønn under utdanning, etter 4 - 5 år har ein omtrent ikkje studielån, store moglegheiter for fast jobb, variert jobbinnhald, ein er med å bygge noko som står, at yrkesfag er også for dei med høge ambisjonar

### 1.3.2 Målgruppe bedrifter:

Vi ønskjer ovanfor **bedrifter** å fokusere på at deira rolle som lærebedrift skal bli meir:

#### TYDELEG

- ift. at bedriftene setter arbeidet med lærlingane til **styrerrommet**, å vise at fagarbeidarane er viktige (viktigaste utdanninga dei tar), bedrifta sitt indre liv ift lærlingen, forutsigbarheit - læreplassane må vere på plass samt opplæringsplan for lærlingane (individuelle)

#### RELEVANT

- ift. at dei kan støype/ forme sin eigen arbeidskraft - ei investering, å få vere med og påverke læreplaner og læremål, viktig samfunnsansvar v/ å ta inn lærling

#### UNIK

- ift. forme tilsette frå lokalt geografisk område

#### ATTRAKTIV

- ift. å fremje dei flinke lærebedriftene og lærlingane - få omtale, eleven/ lærlingane - "beste lærlingbedrift", opplevinga i bedrift for eleven - strukturert opplæring

## 1.4 Målsetjing:

## "Skape det mest spennande lærlingfylket"

## (ledestjerne)

<b>Delmål for prosjektperioden (2 år):</b>	
1.	Styrke elevens oppfatning av yrkesfag som et godt alternativ for framtidig jobb, før valet er tatt
2.	Styrke elevens oppleving av yrkesfag etter at valet er tatt.
3	Kartlegge og observere eit utval av dagens vg1 og vg2 trinn elevar - finne fellesnemnarar. Forbetre situasjonen gjennom tiltak hjå t.d. elev, faglærer, undervisning, rådgjevar m.m.
<b>Langsiktige mål (5-6 år):</b>	
	• - <b>yrkesfag 2.0</b> - blir oppfatta som eit attraktivt val med mange mulegheiter
	• - auke <b>fullføringsgraden</b> i vgs
	• - <b>forutsigbare</b> lærebedrifter
	• - gode planer, verktøy mellom bedrift og lærling
	• - god <b>kommunikasjonsflyt</b> i verdikjeda "framsnakk av yrkesfag" - gode årlege kommunikasjonsverktøy og tiltak
	• - <b>årleg arrangement</b> i fylket som gjev yrkesfag positiv omtale, eit arrangement for målgruppene
	• - overføring av <b>suksesshistorier</b> til andre opplæringskontor nasjonalt - "Sogn og Fjordane ein suksesshistorie"



## 2. Prosjektfasene

**Beskrivelse av: fasar, hovudaktivitetane for prosjektet og i kva rekkefølge dei vil bli gjennomført.**

### FASE 1: Analyse og utvikling

Få fram all forskning og erfaring som er gjort i fylket og ellers i landet.

#### **Workshops:**

Det er ønskeleg å gjennomføre ein idéworkshop der vi involverer målgruppene. Dei sit på erfaringar som er viktig å få med i prosjektet, i ein workshop kan dei vere med å forme framtidige løysingar på problemstillingane. Her kan vi arrangere "gründercamp" saman med Ungt Entreprenørskap og nytte arenaen til å nå elevar både i ungdomskule og vidaregåande

#### **Research:**

I tillegg til brukarinvolvering vil vi gjere naudsynt researcharbeid i samarbeid med FoU miljø som kan sitte på verdifulle rapportar rundt brukargrupper og anna verdifullt materiale til prosjektet, f.eks.:

- analyser frå andre relaterte prosjekt i fylket og nasjonalt; Nelfo Hordaland (lærlingundersøkjelsar), Vestlandsforskning, Nordlandsforskning, Telemarksforskning, Sunnfjord Næringsutvikling (Reidar Sandal), osv.
- ekspert-foredrag/ presentasjonar - skape ein arena der vi inviterer kjente frontarar og ekspertar innan yrkesfag og industri. Eksempel:
  - Norges beste lærer; Trond Terje.....
  - Torbjørn Røe Isaksen
  - Kristin Halvorsen
  - NHO, Kristin Skogen Lund
  - Statoil
  - Røkke og Gjelsten
- samarbeid næringsklynger, uttalelsar, intervju

## FASE 2: Gjennomføring

Her vil resultatene frå fase 1 vere avgjerande. Men forprosjektet har eit stort ønske om å dreie jobbing mot direkte kommunikasjon inn mot målgruppene.

**Vi har stor tru på at holdningar blir skapt menneskjer i mellom og prosjektleiaren må derfor være svært utadvent og nettverksbyggjande på mange arenaer.**

- Direkte kommunikasjon i målgruppa - kommunikasjon på eleven sine premisser. I dette arbeidet ligg kartlegging og involvering/ dialog med eksterne påverknadskjelder som: føresette, rådgjevarar, lærarar
- Prosjektet skal være synlig også i media
- I gjennomføringsfasen må det også planleggast korleis fortsatt omdømmebygging kan tenkjast gjennomført!

### Øvrige aktivitetar i hovudprosjektperioden:

- mediastrategi: forpliktande samarbeid med lokalaviser
- sterkt synelege heile prosjektperioden, døme:
  - opplæringskonferansar
  - temposeminar
  - næringslivskonferansen
  - andre kanalar: der elevane møtest; f.eks. Flo-aktivitetsveke, føresette; f.eks. mathelg Sandane, treningssenter, fokus på å møte målgruppene og dei som tek avgjerda i deira egne kanalar

### FASE 3:

#### -vidareføring av prosjektet etter hovudprosjekt

- Årleg aktivitets- og kommunikasjonsplan - vidareføring av prosjektet, forankra hjå Opplæringskontora

### 3. Prosjektets nytte- og nyheitsverdi


#### Nytteverdi

- Samfunnsansvar for bedriftene
- Forenkling og tydeleggjering av kommunikasjonen av yrkesfag til elevar før valet (ungdomskule)
- Forbetre kommunikasjonsflyt av yrkesfag i verdikjeda "ungdomskule til lære i bedrift" - (kunderelasjon)
- Auka kunnskap i målgruppene for opplæringskontora
- Adopterbare strategiar til andre opplæringskontor nasjonalt og internasjonalt - spreie suksesshistoriene

#### Nyhetsverdi

- Fokus på brukarinvolvering
- Bruk av designmetodikk
- Krafftak for yrkesfag med opplæringskontor i spissen "yrkesfag 2.0"
- Samkjøre verdikjeda frå "ungdomskule til lære i bedrift"
- Felles møtearena med idéutveksling mellom skule/ elev - opplæringskontor og bedrift samt kjente frontarar for yrkesfag og norsk industri

## 4. Prosjektorganisering



## 5. Framdriftsplan

AKTIVITET	FRIST	ROLLER
Kick-off	Februar 2015	Prosjektleder (PL)
<b>Analyse og utvikling</b>	2015	
1.1 Analysearbeid:	Januar - Juli	
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Research: Kartlegging undersøkelsar fylket, nasjonalt - bearbeide relevant data</li> <li>• Workshops, observasjonar, intervju - brukarinvolvering målgrupper (metodikk)</li> <li>• Bearbeiding data frå analyser</li> </ul>	Januar -februar	Prosjektleder
	Februar - mai	Styringsgruppe og refgruppe og prosjektleder
Arrangement, møteplass Pr/ media	Mai/ juni	PL
<b>Gjennomføring</b>	juni - Desember 2016	
Arrangement, møteplass Pr/media		PL
<ul style="list-style-type: none"> <li>• ferdigstilling - utvikling av strategiske tiltak/ verktøy</li> <li>• gjennomføring direkte kommunikasjon i målgruppene</li> <li>• årleg aktivitets- og kommunikasjonsplan - vidareføring av prosjektet, forankra hjå Opplæringskontora - justering av ambisjon iht. midlar (Fase 3)</li> </ul>	Januar - september 2015 (alt etter omfang)	PL
	Januar – Desember 2016	Prosjektleder m.fl.
	Okt – des 2016	Prosjektleder, opplæringskontor i samarbeid

## 6. Budsjett- og finansiering

- Det tilsettast prosjektleiar i 50 %, under NHO Sogn og Fjordane.
- Fylkeskommunen, Innovasjon Norge, Bransjeforeningar tilknytta opplæringskontorene etc er søknadmottagere.
- Det tas høgde for utarbeiding av materiell og jobbing mot sosiale medier etc.
- Det blir oppretta styringsgruppe for prosjektet, der fylkeskommunen deltar.
- Prosjektet har som mål å gå over min 2 år for å sikre eit godt forankra resultat.
- Den ansatte må ha kontor hos en eksisterande organisasjon så vi slippar unna faste kostnader til bredbånd etc.

### Stipulert budsjett

<b>KOSTNADER</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>Totalt</b>
Prosjektadm.	350 000	350 000		700 000
Kontorkostnad	50 000	50 000		100 000
Reise og overnatting	100 000	100 000		200 000
Markedsføring prosjekt	200 000	200 000		400 000
Workshops, konferanse, kurs osv.	100 000	100 000		200 000
	800 000	800 000		<b>1 600 000</b>

<b>FINANSIERING</b>	<b>Totalt</b>
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	550 000
NHO/Innovasjon Norge	600 000
Eigeninnsats	250 000
Andre	200 000
Totalt	1 600 000